



Frå starten i konkurranseklassen.

OPPDATERT: Det 34. Kvinnheradsløpet vart i dag arrangert under heilt ideelle forhold med ein herleg hausttemperatur på 13 grader og lettskya opphaldsver. Under desse forholda var det mange som hadde glede av både tur og natur då dei tilbakela den 5,8km lange løypa i trimklassen, medan 28 menn og 11 kvinner stilte i konkurranseklassen.

Arrangørane, Rosendal turnlag og Kvinnheringen, stod for eit prikkfritt arrangement der dei fulgte tidsskjema til punkt og prikke. Eit stort publikum kosa seg på tribunen med lappar, kaffi og andre godsaker som arrangørane selde, under løpet.

I herreklassen fekk publikum oppleve ein herleg spurtduell mellom unguten Erlend Nymark Jensen og den tidlegare landslagsløparen Terje Aggvin. Sistnemnde var så vidt sekundet føre ungguten i mål med 18.24. Sindre Omvik, med bestemor frå Uskedalen, er tilbake i løpesko og kom inn til ein sterk 3.plass. Uskedelingen Johannes Haugland kom inn til ein sterk 6.plass medan veteranen Kurt M. Haugland held koken og kom inn til 19.plass totalt.

I dameklassen vann Hildegunn Håland føre det 13 år gamle talentet Synne Eikeland frå Sandnes, også ho har bestemor frå Uskedalen. Ho imponerte stort! Nr.3 vart Guro Femsteinvik frå Strandulv. Det er andre året denne løypeprofilen vart brukt, og det vart ny rekord i begge klassar. Vinnaren av jenteklassen i skuleløpet torsdag, Hanna Tvilde, hadde så god tid at det tyder på at ho ville vore med og kjempa i toppen i dameklassen.

Mange uskedingar deltok i trimklassen. At deltakartalet var stort, viser det faktum at det berre har vore fleire deltakarar i løpet i 1990.



Johannes Haugland spurtar inn til sterk 6.plass

Resultat:

Menn:

Terje Aggvin, IL Gular (1974)	18,24
Erlend Nymark Jensen, Bergen Løpeklubb (1993)	18,25
Sindre Omvik, Omvikdalen IL (1993)	19,22
Henrik Bauge, Rosendal Turnlag (1997)	20,07
Thomas Brufladt, Rosendal Turnlag (1998)	21,45
Johannes Haugland, Uskedalen IL (1998)	21,51
Torstein Thorkildsen, Valen (1999)	21,53
Steffen Brufladt, Rosendal Turnlag (1992)	22,54
Gunnar Vaage, IL Trio (1958)	23,15
Lars Salbu, Fana Kajakklubb (1986)	23,18
Allan Fuglevik, Rådal (1974)	23,23
Kjell Rune Asmervik, Halsnøy (1971)	23,31
Rune Guddal, Omvikdalen IL (1975)	24,11
Skjalg Duesund, IF Klypetussen (1948)	24,12
Reidar Jensen, IL Trio (1957)	24,31
Geir Eikeland, Lyngstrand Vel (1973)	24,40
Åsmund Mehl, Rosendal Turnlag (1959)	24,44
Simon Bewer, Rosendal Turnlag (1998)	25,34
Kurt Malvin Haugland, Uskedalen IL (1955)	26,10
Gustav Haugse, Omvikdalen IL (2003)	26,11
Jarle Mehammer, Hordaland Fylkeskommune (1960)	26,26
Jonas Are Mehl, Rosendal Turnlag (1998)	26,38
Eugen Leganger, Rosendal Turnlag (1977)	27,03
Eivind Bøvor Jørpeland (1981)	27,15
Tor Harald Bringedal, Herøysund IL (1965)	27,21
Torstein Olderkjær, IL Trio (2002)	28,19
Tore Olderkjær, IL Trio (1970)	28,42
Sverre Gjerde, Rosendal Turnlag (1991)	33,20

Kvinner

Hildegunn Håland, Valen (1966)	24,24
Synne Eikeland, Sandnes IL (2002)	25,28
Guro Femsteinevik, Strandulv IL (2004)	26,52
Marit Elise Haugland, Sandnes (1969)	27,17

Vilde Nummedal, Fana IL (2000)	27,45
Johanna Aggvin, Varaldsøy IL (1981)	27,51
Ingvild Olderkjær, IL Trio (1975)	28,14
Kari Handegard, Askøy Seilforening (1974)	28,27
Solveig Mo, Bergen (1982)	29,10



Den dugande speakeren Kjell Martin Håvik intervjuar dei to beste i dameklassen, Hildegunn Håland og Synne Eikeland.



Familiane Haugland/Eikeland er positive innslag i Kvinnheradsløpet.



Rosendalsuskedelingane Lars Wang, Gunnvald Friheim, Nina Børsheim og Marit Friheim er trufaste deltakarar i Kvinnherads løpet



Møyfrid og Anders Kristoffersen kosar seg med dotter og barnebarn.



Nina Børsheim synes også at sauer er ålreite dyr.



Utsikt frå løypa



Familen Tødenes/Seglem under løpet.



Publikum kosa seg under løpa i konkurranseklassen.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland.
Foto: Lars Wang og Thor Inge Døsland